


FORSLAG - PLANPROGRAM

Reguleringsplan med konsekvensuttreiing for
vedtatt vegtrasè

E6 Balsfjord grense – Hatteng



Storfjord kommune



Statens vegvesen

Forord

Forslag til planprogram for supplerande konsekvensanalyse er utarbeidd med bakgrunn i føreståande arbeid med reguleringsplan for E6 mellom Balsfjord grense til Hatteng i Storfjord kommune.

Ein reguleringsplan vil bestå av eit arealplankart med tilhøyrande bestemmelsar. Kart og bestemmelsar er juridisk bindande. Formålet med reguleringsplan er å fastsetta i detalj korleis arealet innanfor planavgrensninga skal utnyttast eller vernast. Reguleringsplanen skal avklara detaljar om plassering og utforming av veganlegg som er vedtatt i kommunedelplanen.

Omlegging av E6 mellom Nordkjosbotn i Balsfjord kommune og Hatteng i Storfjord kommune er prioritert i Nasjonal transportplan for 2010-2019.

Planprogrammet er eit verkty for å styrke tidleg medverknad og gode planprosessar og vil liggja til grunn for utarbeiding av planforslag. Det er planmyndigheiten som bestemmer innhaldet av planprogrammet. Arbeidet med planprogrammet vil vere ein viktig arena for å avklara planbehov og viktige problemstillingar i planarbeidet.

Ettersom gjeldande kommunedelplan ikkje tilfredsstillar dagens krav til konsekvensutreiing, vil reguleringsplanen behandlast etter forskrift om konsekvensutreiing for vedtatt alternativ. Konsekvensanalysen vil avgrensa seg til tema etter innspel frå Storfjord kommune, Fylkesmannen sin miljøvernabdeling, Norges Vassdrags- og Energidirektorat, samt Statens vegvesen sine vurderingar av nødvendige utreiingar. For planprogrammet vil formålet vere å:

- avklara formålet med planarbeidet
- gjere greie for kva type høve som er avklart i overordna plan og kva slags utreiingar ein føreslår i planforslaget
- beskriva opplegg for informasjon og medverknad
- presentera kart som syner plan- eller tiltaksområdet og lokaliseringa av tiltaket
- senda forslaget ut på høyring til berørte myndigheiter og interesseorganisasjonar og vidare til offentleg ettersyn med høyringsfrist på minimum 6 veker

Planprogrammet blir lagt ut på offentleg ettersyn samtidig med varsling av oppstart av reguleringsplanarbeidet. Det vil seinare bli gjennomført undersøkingar og kartleggingar i henhold til fastsatt program. Reguleringsplanen vil sendast Storfjord kommune for politisk behandling.

Planprogrammet er tilgjengeleg på Storfjord kommune sin heimeside:
<http://www.storfjord.kommune.no>

Forslaget er utarbeidd av Statens vegvesen. Spørsmål om planprogrammet kan rettast til:

Statens vegvesen
v/Kjell Grønsberg
E-post: kjell.gronsberg@vegvesen.no

eller

Storfjord kommune
v/Ståle Sørensen
E-post: stale.sorensen@storfjord.kommune.no

1 Bakgrunn

Som del av omlegging av E6 mellom Nordkjosbotn i Balsfjord kommune og Hatteng i Storfjord kommune, vil det utarbeidas tre reguleringsplanar. Dette planprogrammet tar for seg reguleringsplan for strekninga mellom Balsfjord grense og Hatteng, der ein vil gjennomføre konsekvensanalyse for vedtatt trasè. Reguleringsplanen vil også omfatte regulering av gang- og sykkelveg ved Oteren.

I høve til forskrift om konsekvensutreiing skal utreiingane vere tilpassa plannivået og vere relevant i høve beslutningar som skal bli tatt. Planprogrammet inneheld konkretisering av kva type utreiingar som skal utførast under arbeidet med reguleringsplanen.

Formål med planarbeidet

Ved omlegging av ny E6 vil formålet vere å heva transportkvaliteten gjennom å auka trafikktryggleiken. Gjennom standardheving og jamnare fartsprofil vil det bli betre framkomeleg. Viktig mål vil vere å finna løysingar som tilfredsstiller dagens krav for stamvegnettet. Lokalbefolkninga langs dagens E6 vil som resultat av lågare trafikkmengde oppleve at bu- og miljøtilhøve blir betre gjennom redusert støynivå, mindre svevestøv og betre tryggleik for mjuke trafikantar.

Beskrivelse av strekninga


Standarden for strekninga i dag er prega av stadvis låg kørehastigheit grunna dårleg horisontal- og vertikalkurvatur, spesielt i første halvdel av parsellen. Det er spreidd randbebyggelse på størsteparten av strekninga der adkomsten til bustadane er i form av direkte avkøyningar. På Oteren ligg vegkrysset E6 og Rv 868 som går mot Lyngseidet. Strekninga har mange utforkøyningar.

Den nye veglina vil ta av frå eksisterande veg like sør for kommunegrensa mellom Balsfjord kommune og Storfjord kommune. Dei tre første kilometrane ligg lina like overfor eksisterande veg for så å dreia ned mot Balsfjordelva/Sommersetelva og følgjer denne til den har passert brua på Rv 868. Vegen går vidare på nedsida av Lyngskroa for så å kryssa Signaldalselva ca. 150-200 m lenger ned enn eksisterande veg. Veglina går på nedsida av eksisterande veg heilt fram til første kryss på Hatteng der parsellen vert avslutta. Det blir laga to nye kryss på strekninga. Det eine er kryssing med Rv 868, og det andre er kryss mot lokalveg ved kommunegrensa mellom Balsfjord og Storfjord kommune. Lokalvegen vil bli knytt til lokalvegnettet mot Hatteng i Nord. Det må byggast ny bru ved Fjellidal, samt ny bru over Signaldalselva. I tillegg må ny bru byggast over Balsfjordelva på RV868. Veglengde er om lag 6600 meter frå Balsfjord grense til Hatteng.

Regulering av gang- og sykkelveg vil gjelda for strekninga Skaidibrua – industriområde Oteren Valmuen – Otertun.


Figur 1. Utbyggingstrasè Balsfjord grense - Hatteng

Kartutsnittet syner veglina for ny E6 markert med blått. Eksisterande vegnett er markert med rødt.



Figur 2 Utbyggingstrasè ved Oteren

Kartutsnittet syner korleis veglina for ny E6 markert med blått vil gå i området rundt Oteren. Som kartet syner vil den nye vegen gå utanom Oteren sentrum og ned mot Balsfjordelva/Sommersetelva. Det blir laga ny passering over Signaldalselva. Eksisterande vegnett er markert med rødt.



Figur 3 Gang- og sykkelveg ved Oteren

Kartutsnittet syner gang- og sykkelveg ved Oteren. Gul strek syner der det allereie foreligg reguleringsplan med gang- og sykkelveg. Total lengde er 2300 m. Lengde på ny reguleringsplan vil utgjøre 1510 m.



2 Forslag til planprogram

Statens vegvesen har halde møter med Fylkesmannen sin miljøvernavdeling, Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Storfjord kommune for vurdering av føreliggande planverk og eventuelle nye utreiingskrav i arbeidet med reguleringsplanen. Med bakgrunn i dette har ein valt å gjennomføre konsekvensanalyse for vedtatt alternativ, hovudsakleg på grunn av at gjeldande kommunedelplan ikkje tilfredsstillar dagens krav etter forskrift om konsekvensutreiing. For sårbare områder som skal undersøkast, vil ein definere ein breidare vegkorridor enn det som ligg i kommunedelplanen. Formålet for dette vil vere å skape rom for visse justeringar av den føreslåtte vegline. Kartleggingane og utreiingane vil gjennomførast ihht. naturmangfaldslova.

Tidlegare kartleggingar

Kommunedelplanen som vart vedtatt mars 1996 innehar følgjande opplysningar om trasèen;

- Totalt forbruk av dyrka mark er om lag 7,5 dekar.
- Det er få bustader som er støyutsette.
- Det er ikkje avdekka nokon viktige verneverdige områder.

Vegen blir lagt utanfor hovudbebyggelsen og vil gje liten barriereverknad. Tiltaket medfører at lokal- og gjennomgangstrafikken vert splitta. Gjennomførte grunnundersøkingar for delar av parsellen syner at grunntilhøve er gode.

Aktuelle utreiingstema

Biologisk mangfald:

- oppdatert naturtypekartlegging og viltkartlegging
- flommarkskogen i nedre del av Balsfjordelva, med særleg vektlegging på gruppene sopp og lav
- samløpsområdet med Signaldalselva samt i berøringsområdet med Signaldalselva lenger opp

Landskap:

- beskrivelsar av landskapet i tiltaks – og influensområdet
- konsekvensane av tiltaket for landskapet
- vurderer behovet for/føreslår avbøtande tiltak

Geologi:

- beskrivelsar av geofaglege høve
- syner moglege konsekvensar av tiltaket
- vurderer behovet for å justere utforming av prosjektet med omsyn på spesielle former avsettingar, aktive prosesser (ras, glasiarale etc) eller berggrunn
- vegen sin verknad på dynamiske elveprosessar med fossile elvemeandere som finst i øvre delar av Balsfjordelva
- vegen sin verknad på regionale kvartgeologiske verneverdiar nær inngrepsområdet

Samisk kulturminne:

Med kulturminne meinast alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det knyt seg hendingar, tru eller tradisjon til. Med kulturmiljø meinast områder kor kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng, som til dømes bygningsmiljø i byar og tettstader og jordbruket sitt kulturlandskap, jfr. kulturminnelova.

Med bakgrunn i merknadsbehandling i kommunedelplanen vil ein gjennomføre oppmåling og kartfesting av samiske kulturminne og kulturminnefeltet, og avklaring av eventuell avbøtande tiltak.

Reindrift:

Lakselvdal/Lyngsdal reinbeitedistrikt har ein flyttelei for rein som kryssar E6 i området ved Hellarberget. Eventuelle avbøtande tiltak vil bli vurdert.

3 Overordna planar

Overordna planar

Nasjonale transportplan

Prosjekt E6 Nordkjosbotn-Hatteng med tilknytningar er med i Nasjonal Transportplan 2010-2019 med følgjande formulering av tiltak:

”780 millioner kroner til tiltak innanfor ulike programområder på E6 Nordkjosbotn – Kirkenes, med tilknytningar. Av dette er 300 millioner kroner satt av i perioden 2010-2019”

”I perioden 2014-2019 er det aktuelt å prioritere statlige midler til utbedring av E6 Nordkjosbotn – Hatteng, som er den dårligste strekningen på E6 mellom Nordkjosbotn og Skibotn.

Kommuneplanen - arealdel

Kommuneplanens arealdel omfattar plankart, bestemmelsar og planbeskrivelse der det framkjem korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk er ivaretatt. Føreliggande arealplan til Storfjord kommune vart vedtatt i 2007.

Kommunedelplan E6 Balsfjord grense - Hellarberget

Det blei den 13.05.86 godkjent hovudplan for strekninga Furumo-Hellarberget. Det synt seg i ettertid at denne planen ikkje tilfredstilte dagens krav til vegstandard. Ein ny kommunedelplan for strekninga Balsfjord grense – Hellarberget blei utarbeidd i juni 1992. Denne blei sendt til Storfjord kommune for godkjenning i november 1994. Storfjord kommune kunne ikkje akseptera vegkontoret sitt forslag til ny E6 og vedtok at eit nytt alternativ måtte utarbeidast og sendast til ny høyringsrunde. Kommunedelplanen vart difor revidert med bakgrunn i at planen ved førre høyringsrunde ikkje fekk nødvendig tilslutnad i Storfjord kommune.

Føreliggande dokument

Planhefte 1: Planframstilling

Planhefte 2: Merknadsbehandling med konklusjon og forslag til innstilling

Orienteringsbrev vedr. sluttbehandling til dei som har uttalt seg til planen

Oversendingsbrev til Storfjord kommune datert 23.01.96

samt teikningar for ulike alternativ.

Kommunestyret i Storfjord kommune vedtok kommunedelplanen den 22.03.1996

4 Planarbeid og prosess

Framdrift

Planproduksjonen vil føregå frå februar 2011 til utgangen av 2012. Høyring og merknadsbehandling av reguleringsplanen vil skje i første halvdel av 2013 med godkjenning i andre halvdel av 2013. Grunnerverv, byggeplan, prosjektering og anskaffingar vil skje fortløpande etter det.

Planprosess

Statens vegvesen vil som tiltakshavar vere ansvarleg for utarbeiding av reguleringsplanen etter at planprogrammet er fastsett og vil gjennomføra planprosessen ihht. §3-7 i Pbl. Arbeidet med planen blir gjort i nært samarbeid med Storfjord kommune, Troms fylkeskommune, Fylkesmannen i Troms, Norges Vassdrags- og energidirektorat og andre aktuelle fagmyndigheiter.

Offentleg informasjon og medverknad

Høyringsperioden for planprogrammet er seks veker. Arbeidet med informasjonsmøte og behandling av merknader og høyringsuttalelsar vil skje av Statens vegvesen i nært samarbeid med Storfjord kommune.

Ferdigstilt reguleringsplan blir lagt ut til offentlig høyring i seks veker.